



Flytskjema barnehagemiljøsak, barnehagelova §42

1. Fanga opp/ motta melding

- a. Personal fangar opp at eit eller fleire barn ikkje har det godt, gjennom observasjon, samtale eller spørreundersøkingar.
- b. Føresette melder bekymring

2. Varsla

Alle som jobbar i barnehagen har ansvar for å varsle styrar om dei ser eller mistenker at eit barn ikkje har det trygt og godt. Varselet skal skrivast på eige skjema og leverast til styrar.

3. Umiddelbare tiltak

Tiltak må settast i gang umiddelbart. Sidan me set i verk tiltak før me har undersøkt saka skikkelig, må dei gjennomførast på ein måte som ikkje kan forverra situasjonen sjølv om saka er heilt annleis enn me først trur. Viktig å gå raskt vidare i flytskjema samtidig som me iverkset dei umiddelbare tiltaka. Dei mest relevante umiddelbare tiltaka er:

- a. Emosjonell støtte til barnet/barna
- b. Emosjonell støtte til føresette
- c. Løft for det sosiale miljøet

4. Undersøkingar

Undersøka barnet si oppleving av trygghet og trivsel. Få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis barnet opplever kvardagen. Barnets beste skal vera eit grunnleggande omsyn.

5. Pedagogisk analyse

Overordna målsetting: Alle barn skal ha det trygt og godt. Lag ei problemstilling (knytt til at barnet på ein eller annen måte ikkje opplever å ha det trygt og godt) og ei konkret målsetting (at barnet skal ha det trygt og godt). Finn ut kva faktorar som opprettheld situasjonen. Digitalt verktøy for pedagogisk analyse: e.sepu.no

6. Skriva tiltaksplan

Tiltaksplanen skal innehalda:

- a. Kva problem som skal løysast
- b. Kva barnehagen har planlagt
- c. Når tiltaka skal gjennomførast
- d. Kven som er ansvarleg
- e. Når tiltaka skal evaluerast



7. Involvera føresette

Planen må leggest fram for føresette, og deira oppleving bør skrivast inn i planen. Barnehagen skal ha stort ansvar for tiltaka i planen, minst mogleg ansvar på føresette.

8. Gjennomføra tiltak og evalera periode 1

Periode 1 bør vera kort, t.d. 1 veka. Vurder kva tiltak som skal slutta, kva som skal fortsetta, og kva tiltak som evt. skal føyast til. Kanskje barnet allerede har fått det trygt og godt slik at ingen av tiltaka skal fortsetta.

9. Gjennomføra tiltak og evaluera periode 2

Ny runde med tiltak og evaluering etter t.d. 2 veker

10. Gjennomføra tiltak og evaluera tiltak periode 3

Ny runde med tiltak og evaluering etter t.d. 4 veker. No begynner det å bli sannsynleg at barnet har fått det trygt og godt slik at tiltaksplanen kan avvlikast. Avtal likevel et oppfølgingspunkt med føresette og fortset å følg ekstra nøye med på barnet. Om barnet ikkje har det trygt og godt endå, må me fortsetta i periode 4. No må det vurderast ekstern bistand i saka, og om ein skal iverksetta endå meir intensive tiltak. No må anna arbeid kanskje nedprioriterast.

11. Oppfølging

I oppfølginga bør ein vurderer om det er behov for å setta inn tiltak retta mot seinskadene som utrygghet kan medføra. Her kan de vera aktuelt med tiltak for å rehabilitera miljøet og dei som har vore involvert. Døme: Støtta utviklinga av ei god sjølvkjensle og gi hjelp til positive samspelsrelasjonar. Om nokon av dei involverte har fått angst eller utvikla traumer er det hensiktsmessig å gi terapeutisk oppfølging i samarbeid med instansar utenfor barnehagen, t.d. BUP. Det er og viktig å følg opp dei som har mobba andre. Hugs å understreke at det er handlingane deira som ikkje kan akseptterast og ikkje dei som person.